



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Innkalling : **HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE**
Dato: Torsdag 02.11.2017
Stad: Rådhuset i Kvam, Norheimsund
Tid: 10.00 – 14.00

AGENDA:

10 00 Inspirasjon
10 30 Hardanger Ungdomsråd sakshandsaming
11 30 Lunsj
12 15 Sakshandsaming HU fortset

INSPIRASJON:

Velkomne til nye Ungdomsrådsleiarar i Hardanger Ungdomsråd.
Me vil introdusera Hardanger Ungdomsråd og fortelja om kva me har gjort før

HU-sak 15/17	Konstituering
HU-sak 16/17	Møteplan 2018
HU-sak 17/17	Uttale frå Hardanger Ungdomsråd om forslag til endring i vilkår for bortebruar stønad i statsbudsjettet for 2018
HU-sak 18/17	Oppsummering Aktivitetshelga 2017 – vegen vidare
HU-sak 19/17	Hardanger Ungdomsting 2018 – arbeid med innhald
HU-sak 20/17	Aktuelle saker for HU
HU-sak 21/17	Orienteringssaker
HU-sak 22/17	Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

Forfall må meldast:

Hardangerrådet v/Trude Lægreid Rinaldo
tlf 53 67 14 50 / 489 54 550

mail: trude@hardangerradet.no

Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Hardangerrådet / Kinsarvik 25.10.2017

Trude Lægreid Rinaldo
Konsulent Hardangerrådet

HU-sak 15/17**Konstituering**

Vedlegg:

Vedtektene til Hardanger Ungdomsråd

Saksutgreiing:

Val av møteleiar. Hardangerrådet held sekretær. Gjennomgang av vedtektene til Hardanger Ungdomsråd.

Val av leiar og nestleiar i Hardanger Ungdomsråd 2017

Forslag til vedtak:

..... er vald til leiar for Hardangerungdomsråd i 2017

..... er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2017

HU-sak 16/17**Møteplan 2018****Forslag til vedtak:****Møteplan 2018 Hardanger Ungdomsråd**

Hardanger Ungdomsråd 2018	Torsdag 18. januar Eidfjord	Torsdag 08. februar Granvin Hardanger Ungdoms- TING	Torsdag 09. mars Ulvik	Torsdag 12. april Jondal	M A I	J U L I / A U G U S T	Fredag- Søndag September 2017 Aktivitets- helg ??????	O K T O B E R	Torsdag 01. november Ullensvang HU rådsmøte Konstituering Odda	Torsdag 06. Desember Ullensvang
--	--------------------------------------	---	---------------------------------	-----------------------------------	-------------	---	---	---------------------------------	--	--

HU-sak 17/17**Uttale frå Hardanger Ungdomsråd om forslag til endring i vilkår for bortebruar stønad i statsbudsjettet for 2018**

Sakstifang: [I prop. 1 S \(2017-2018\) Proposisjon til Stortinget](#)

Viser til I prop. 1 S (2017-2018) Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) For budsjettåret 2018 – Tilråding frå Kunnskapsdepartementet står det:

«Departementet foreslår å auke avstandsgrensa for å kunne få bustipend. Etter gjeldande regelverk kan elevar i vidaregåande opplæring få bustipend dersom dei ikkje bur hos foreldra sine og avstanden mellom heimen til foreldra og skulen er 40 km eller meir, eller om reisetida er tre timar eller meir samla per dag. Forslaget inneber å heve avstandsgrensa frå 40 til 60 km. Som følgje av forslaget blir løyvingsbehovet redusert med 21,2 mill. kroner.» (s. 264)

Forslag til vedtak:

Hardanger ungdomsråd hadde denne saka oppe på rådsmøte 02.11.2017 og gjorde slikt vedtak :

Hardanger Ungdomsråd har dette å sei :

- Ungdom skal ikkje måtta pendla 12 mil DAGLEG
- Det er uhaldbart at ungdom må pendla i 2,5 time DAGLEG
- Kollektivtilbodet for elevene som pendlar dagleg i Hardanger er svært dårleg og det begrensar ungdom sine moglegheiter til å delta på sosiale aktivitetar og treningar\ar med deira medelevar.
- Trivsel og det sosiale livet med andre medstudentar er viktig for elevane si læring i klassesituasjonen. Med det nye forslaget vil mange ungdom bli fråtekne moglegheit for til å verta inkludert i den sosiale fritida rundt skulen.
- I Hardanger og omegn er vegane dårlege og mange stader særst rasfarlege.
 - Avstandane til aktuelle vgs for ungdom i Hardanger er for mange lengre i tid enn det f.eks er på austlandet der vegnettet er betre og har høgare fartsgrensa.
 - I tillegg er store deler av vegen rasfarleg, det er ikke kjekt for nokon å pendla på desse vegane

HU-sak 18/17 Oppsummering Aktivitetshelga 2017 – vegen vidare

Oppsummering og tilbakemeldingar frå Aktivitetshelga 2017
Aktivitetshelg 2018?

HU-sak 19/17 Hardanger Ungdomsting 2018 – arbeid med innhald

Vedlegg: Referat og oppslag om Hardanger Ungdomsting i 2017

Planlegga agenda og dato for Hardanger Ungdomsting 2018.

HU-sak 20/17 Aktuelle saker for HU

Kva saker vil HU ta tak i framover? Er det noko kjekt de har lyst å får til ?

Tenk på kva som kunne vore bra for ungdom å ta opp i fellesskap. Kanskje andre lurar på det same?

HU-sak 21/17 Orienteringssaker

- Ungdommens fylkesting
- Aktiv ungdom – mogleg prosjektsamarbeid
- Hardanger.com
- HU på sosiale medier

HU-sak 22/17 Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

Leiarane informerar frå sin kommune.